

---

Saksnr: 2021/19094-2  
Saksbehandlar: Helge Mikal Hope  
Byrkjeland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		08.09.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		08.09.2021
Hovudutval for næring		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

## Seriøsitetsskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak

### Forslag til innstilling

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.
2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

### Samandrag

Seriøsitetsskrava basert på Oslo-modellen, vedtekne i fylkesutvalssak 290/18 i Hordaland fylkeskommune, er innarbeidde i kontraktar på Eigedom, Bybanen Utbygging, Skyss og innkjøp og vidareført i Vestland. Avdeling for infrastruktur og veg (INV) sine kontraktar er baserte på malar frå Staten vegvesen. Mange av krava er allereie inkludert i kontraktane og resterande vil bli innarbeidde hausten 2021. For å stetta dei mindre, lokale entreprenørane, vil INV akseptere at det kan avvike frå kravet knytt til godkjente fagarbeidarar (krav 3 i Oslo-modellen) i heilt spesielle tilfelle. Dette er samanfallande med det avviket Viken fylkeskommune har i sin innføring av Oslo-modellen.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Dina Johanne Lefdal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Oversikt oslomodellen 120821

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forhold til seriøsitetsbestemmelsane i våre byggekontrakter vedtok fylkestinget følgjande verbalpunkt i sak 137/2020 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024:

«Fylkestinget meiner det er viktig at Vestland fylkeskommune skal bidra i kampen for eit seriøst og --anstendig arbeidsliv, samt sikre at fleire yrkesfagselevar får læreplass. I sak fylkesutvalssak 290/18 (Hordaland) ser ein på Oslo-modellen og dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv som modellen omhandlar og korleis dette er innarbeidd i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget i Vestland vil bygge vidare på det Hordaland fylkeskommune gjorde, og innføre Oslo-modellen for heile Vestland fylkeskommune og ber om at det vert lagt fram ei sak om dette i første halvår 2021. Saka bør leggest fram for utvala og verte vedteken av fylkestinget.»

Sak om dette vart først lagt fram for Hovudutval for samferdsel og mobilitet 25. mai 2021. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Saka vert sendt tilbake til administrasjonen og framlagt for alle utvala til etter sommaren for endeleg handsaming i fylkestinget i september. Til denne handsaminga er det ønskeleg å få ein oppdatert oversikt over vedlegg 2 frå 2018. Vedlegg 2 er ein exceloversikt som viser korleis dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv er innarbeida i dei ulike avdelingane i Vestland.»

Saka vert no fremja på nytt for alle hovudutvala. Vedlagt følgjer ein oppdatert oversikt over vedlegg 2 frå 2018. Vedlegget er konvertert til PDF for at det skal være enklare å lese.

Lenke til fylkesutvalssak 290/18 i Hordaland fylkeskommune:

<https://innsyn.vlfk.no/InnsynHFK19/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=901&sourceDatabase>

Vedtaket i fylkesutvalssak 290/18 i Hordaland vart følgt opp av Eigedom, Bybanen Utbygging, Skyss og innkjøp i alle nye kontraktar etter vedtaket og er vidareført inn i Vestland fylkeskommune uendra.

Infrastruktur og veg (INV) sine kontraktar er i dag baserte på Statens vegvesen sine kontraktsmalar, og dei fleste punkta i Oslo-modellen er allereie ivaretatt. Nokre punkt må tilpassast og innarbeidast. INV har tolka vedtaket i fylkestinget som at ein skal innarbeide Oslo - modellen, men at ein må gjera ein fagleg vurdering om det er nokon uheldige konsekvensar av krava.

Innføring av Oslo-modellen

I vedtaket i fylkesutvalssak 290/18 i Hordaland, er det gjeve to avvikande punkt samanlikna med Oslo-modellen. INV har også behov for desse to avvika.

- Det første punktet gjeld at det kan nyttast underentreprenørar i to ledd og ikkje berre eitt, som definert i Oslo-modellen. Skal ein mellom anna nytta totalentreprisar, så er dette heilt naudsynt i marknaden i Vestland og Norge. INV sin vurdering er også at kravet er i strid med lov om offentlege anskaffingar.<sup>1</sup>
- Det andre punktet som er avvikande, er punktet om at leigde arbeidstakarar frå bemanningsbyrå skal sikrast tarifflønn mellom etterfølgjande oppdrag. Punktet er vurdert til å være ulovleg<sup>2</sup> og umogleg å fylgje opp.

INV har kontraktar med mange mindre, lokale entreprenørar. Dei kan ha utfordringar med å oppfylle enkelte krav. INV meiner at ordlyden i Oslo-modellen tek i vare dei minste entreprenørane, då den har formuleringar som gjev unntak der det ikkje er mogeleg å få tak i t.d. lærlingar. Ordlyden er der at dersom entreprenør som er tilknytt ei lærlingordning og som kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lukkast, skal vurderast til å ha oppfylt kravet om bruk av lærling.

---

<sup>1</sup> KS ved Goller har uttalt dette: «Vårt syn er derfor at en begrensning av antall underleverandører til ett ledd, slik veilederen legger opp til (som en mulighet i enkelte kontrakter) går lenger enn det som er nødvendig og vil derfor være konkurransebegrensende. Et slikt krav vil derfor være ulovlig, jf. LOA § 4». Juridisk vurdering av seriøsitetsbestemmelsene - KS

<sup>2</sup> Juridisk vurdering av seriøsitetsbestemmelsene - KS se side 33 av 60

Når det gjeld kravet til faglærde handverkarar, så kan kravet være utfordrande for dei minste entreprenørane. INV ønskjer difor å nytta ordlyden i Viken - modellen. Kravet etter Viken-modellen er det same som i Oslo-modellen, men det er mogeleg å gjere unntak i heilt spesielle tilfelle.

Det må også nemnast at kollegiet av samferdselssjefar på oppdrag frå kollegiet av fylkeskommunedirektørar har teke initiativ til eit samarbeid om kontraktsmalar. Kwart fylke står fritt til å lage eigne malar, men samarbeid er av det gode sidan ein kjøper i den same marknaden.

INV har og fokus på å ha ein god dialog med marknaden med tanke på konkurransesituasjonen og våre malar.

INV har i dag ei kompensasjonsordning på 50 kr pr time for lærlingar avgrensa til 7 % av totalt timeverk på kontrakten. Denne ordninga vert lagt ned når INV no innfører Oslo-modellen, då det i staden vert innført eit absolutt krav om at minst 10 % av totalt timeverk på kontrakten skal utførast av lærlingar.

INV vil revidere kontraktsmalane og innføre dei endra krava hausten 2021.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse i denne saka

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Det er sannsynleg at tilboda frå entreprenør vil få ein auke i pris, då dei no må prise inn heile kostnaden med lærlingar i tilbodet sitt. Det er og truleg at interne kostnadar vil auke, då Oslo - modellen inneber at det er fleire forhold ein må følgje opp.

**Klima:**

Ikkje relevant

**Folkehelse:**

Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ikkje relevant

Konklusjon

Vedtaket i fylkesutvalssak 290/18 i Hordaland er allereie innført i Eigedom, Bybanen Utbygging, Skyss og innkjøp sine kontraktsmalar. INV vil innføre krava i sine kontraktsmalar hausten 2021.

For å stetta dei mindre, lokale entreprenørane, så vil INV akseptere at det for kravet om 50% godkjente fagarbeidarar i heilt spesielle tilfelle kan avvikast.

Vedlagt følgjer oppdatert oversikt over vedlegg 2 frå 2018.